

# DET NORSKE TEATRET

presenterer i samband med

Norsk Konsertdireksjon A/S

Prag

Marionetteteater

Spejbl &

Hurvinek







## Variert barneprogram

*Kjære born.*

I dag skal de få sjå Marionetteteatret frå Praha – altså frå Tsjekkoslovakia!

Først og fremst Spejbl og Hurvinek! Det er dei to morosame dokkene med store øyro og utstående augo. Utan dei hadde ikkje teatret vårt vore noko teater, og vi kunne ikkje hatt framsyningar.

Hurvinek er ein liten gut. Ofte er han ein retteleg rakkarunge, skrekkeleg nyfiken og nasevis . . .

Og så er det Spejbl då – – – det er ein godmodig brumlande pappa, som alltid ergrar seg og hissar seg opp, fordi avkomet hans så ofte kjem med spørsmål og finn på fantestykke.

Men elles kan dei mange uvanlege ting, dei er flinke på rulleskeiser, dei kan spela xylofon, munnspel og piano, dei kan dressere ein zebra og ei løve. Stutt sagt: det fylgjer mykje moro med dei! Og dei andre skodespelarane av tre . . . ?

Vi veit enno ikkje kven de kjem til å like best – – den langbeinte dansande Strauss, eslet som dansar på tromma, den blå hesten som framfører dressurnummeret, bjørnane som kastar tunge manualar . . . eller dei dresserte pingvinane . . . Kanskje kjem de til å klappe mest for Jazzorkestret, eller den merkverdige herr Ludwig. Instrumenta han har vekt til live, skaffar han berre bråk og ugreie. Det skulle vera nok å sjå og høyre på.

I snart 40 år har Spejbl- og Hurvinek-teatret reist kring i verda. Det er kjent av små vener de har i Frankrike, Sverige, Austerrike, Italia, England, Belgia, Sovjetunionen, Polen, Ungarn og Bulgaria . . .

De veit sikkert at dokketeatret er ei verd for seg sjølv . . . full av uvanleg trolldom, full av melodiar og uventa hendingar.

Sjølv gled vi oss over at vi får leva saman med marionettane, at vi kan spela og dikte opp all slags goy og kunststykke . . . !

Difor trur vi at de ikkje kjem til å gløyme oss . . . !

Og at vi snart skal råkast att!  
Ver velkomne og ha det hyggeleg!

*Spejbl- og Hurvinek-teatret.*





5159 161064

# Eit variert program

*for born, med norske kommentarar*

Klovnen Kiki og valsekongen Strauss  
Vedunderbarnet – Hurvinek og xylofonen  
Hunac og Baculka – ein bjørneduo  
Klovnen Julian – ein meister på klaveret  
Huskonsert  
5 + 1 pingvin  
Monika og Sonja – dressurskolen  
Den ville hingsten Arpad

## PAUSE

Opus 0,5 – den musikalske Ludwig  
Katte-intermezzo  
Ouverture for åtte hender  
Den rastlause sebraen Klara  
Eselet på tromma  
Italiensk songarinne med Spejbl ved flygelet  
Jazzkonsert med vokalist  
Spejbl i løvehola

Regi: ..... *Milos Haken – Jan Dvorák.*  
Dekor: ..... *Josef Skupa – Jiri Trnka.*  
*Jan Dvorák – Radko Haken.*  
Musikk: ..... *Ludek Holan – Miroslav Vomela.*  
Stemmene til Spejbl og Hurvinek: *Milos Kirschner.*  
Marionettespelarar: .. *Miroslav Vomela.*  
*Helena Stáchová – Bohuslav Sulc.*  
*Inka Secová – Lubos Homola.*  
*Václava Vlentová – Zderek Lepsík.*  
Inspisient: *Jiri Procházka.* Lyd: *Miroslav Cerný.*  
Lys: *Alexandr Romaniuk.* Scenemeister: *Miroslav Procházka.*  
Turnéleiar: *Helena Tucková.*



Dette vidgjetne, tsjekkiske marionette-teatret vart grunnlagt alt i 1917 av den unge professoren Josef Skupa. Samstundes såg dokkene Spejbl og Hurvinek for første gong dagens lys. Etter at han hadde vore amatør i nokre år, grunnla Josef Skupa i 1930 det første profesjonelle marionette-teatret i verda, – eit teater som etter få år vart eit av dei mest populære ensemble i heile Tsjekkoslovakia. Etter krigen fekk Skupa disponere ein spesialbygd teatersal i Praha, og under hans dynamiske leiing har teatret vunne ry som det førande på sitt felt og vunne stor fagning over heile verda. Etter at Josef Skupa døydde i 1957, overtok frua hans, Jirina Skupova, den daglege leiinga av teatret. – Gjennomgangsfigurane i desse marionetteframsyningane er tjuaguten Hurvinek og faren Spejbl. Når dei no vitjar oss, har dei begge lært å snakke flytande norsk. Rundt desse to morosame dokkefigurane – som har moroa born over heile verda – finn vi eit fargerikt selskap av spelande og syngjande dyr og menneske. Programmet er samansett av ei lang rekkje musikalske sketsjar, og det heile blir bunde saman av norske kommentarar.

MILOS KIRSCHNER saman med SPEJBL og HURVINEK

